



Skodvin Montessoriskule
Skodvinsvegen 1
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1244 - 18/24151

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.08.2018

Ferdigattest - gbnr 94/8 Skodvin nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 403/18

Tiltakshavar: Skodvin Montessoriskule
Ansvarleg søkjar: Px Solutions AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.06.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.08.2018.

Skildring

Adresse:	Skodvinsvegen 1
Bygningstiltak:	Mellombels bygg til undervisning
Bruksareal:	75 m ²
Avlaup:	Privat
Vatn:	Privat

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for mellombels bygning for undervisning på gbnr 94/8 Skodvin nedre.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1244

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Px Solutions AS

Postboks 901
Brakerøya

3002

DRAMMEN

Mottakarar:

Skodvin Montessoriskule

Skodvinsvegen 1

5956

HUNDVIN